

Soga om Kivlemøyane

*Mens Sangen hørtas i Kirkechor,
bag Løvet Mørne sade,
indtil Herr Peder i Sillejord
steg frem paa sit Talerstade.
Da vandred de op i den frie Ur
og blæste en Slaat paa Horn og paa Lur.
Det klang saa fuldt gjennem Lundesalen,
det klang saa sødt gjennem Kirken i Dalen.*

(Welhaven 1990: 217)

Kring 1520 budde det (på Kivle) ein rik gauve som heitte Stein, han åtte heile (Kivle-) dalen. [...] Stein hadde tri døttar: Åse, Asgerd og Anne. Dei tvo fyrste var trulova med kvar sin gut: Herlog Utgarden og Harald Uppebøen nedanfrå Flatbygdi i Seljord. So var det eingong desse gutane strauk oppyvi til Kivle og vilde lydast gjentune sine. Det var i fælaste vårflaumen, og då dei skulde yvi Kivlegjuve, so gjekk åi der landfull og var både gul og grøn. Dei var kipne og kjøne og trudde seg væl, og so la dei på gule fossen. Men dei kom seg ikkje yvi, [...] og so rok dei av og bleiv bae tvo. Gjentune syrgde gruseleg yvi gutane sine. [...] Dei var so makalause til å blåse i fløyte. So hadde dei siljufløytur med seg når dei gjætte, og let den tunge suti si koma fram i sorgtunge tonar. Det stod ei liti kyrkje (eller kapell) i Kivledalen i denne tid, og Seljords-presten som messa der heitte Jens Lavrantsson, han var den seinste katolske presten i Seljord. So var det ein messesundag midtsumarsbell at Jens Lavratsson messa i Kivle-kyrkja. Alle tri Kivlegjentune gjætte uppi fjølle den dagen au, [...]. Då ålmugen hadde gjengi inn i kyrkja, [...] tok gjentune fram fløytune sine og tok på å blåse, og no fekk suti deira atterstrøyme ut i undarlege vedkjømelege tonar. [...] Tonane dirra og skolv utyvi dalen og hørdest radt inn i kyrkja, og folki vart så tekne at dei gløymde alt. Dei kunne ikkje sitja inne, men strøymde ut og der stod dei tryllte og fjetra av tonane [...]. Presten vart seinst på att åleine inne i kyrkja [...]. I harme svor han dyrt og heilag at dei ugudelege gjentune skulde stande der som stein. So vart det. Tonane slokna ut, og gjentune var standande som tri steinar der uppi fjølle. Dei vart sidan kalla Kivlemøyane.

(Flatin 1954: 408–409).

Soga om Kivlemøyane er ei ulukkeleg kjærleikshistorie. To av Kivlemøyane mister kjærastane sine i ei dramatisk drukningsulukke i vårflaumen i Kivleåi. Gutane blir omtala som dumdristige og vågale: “Dei var kipne og kjøne og trudde seg væl (...)” (Ibid.: 408). Kivlemøyane tek tapet av kjærastane svært tungt. Gjennom musikken får dei utløp for fortvilninga og sorga si. Dei viser kjenslene sine medan kjærastane deira viste krefter. Dette er eit døme på ein stereotyp framstilling av kvinne og mann.

Kivlemøyane kjem ikkje over sorga si, og fortvilninga tek overhand. Det endar med at dei sluttar å bry seg om normer og reglar i samfunnet. Kyrkja var i denne tida den mest respekterte institusjonen i samfunnet, og presten hadde stor autoritet og makt. Gjennom sorga si gjer Kivlemøyane eit indirekte opprør mot kyrkja og presten. Ved å spela på instrumenta sine, syner dei at dei ikkje lenger tek omsyn til kyrkja og den heilage messetida. Dei respekterer ikkje overmakta, og i tillegg forstyrrar dei messa slik at folk forsvinn ut av kyrkja. På denne måten fornærma dei både presten og kyrkja på det grovaste.

Les ein utdraget av diktet til Welhaven over, er opprørstrongen endå sterkare. Welhaven skildrar det som om Kivlemøyane sit og ventar på at presten skal gå på preikestolen. Då fyrst set dei i gang med spelinga si slik at "det klang saa sødt gjennom Kirken i Dalen" (Welhaven 1990: 217). Ein får inga forklaring på kva grunnen til denne framferda til Kivlemøyane er, men ein får heller ikkje noko godt inntrykk av presten: "Det var Herr Peder, den lærde Præst han havde saa stam en Tunge" (Ibid.). Presten var altså ikkje nokon stor talar, i tillegg til at han preika på latin, då kyrkja på denne tida framleis var katolsk, skal ein tru årstalet i saga. Kyrkjelyden blir lett avspora av den vakre musikken og

forsvinn ut i det fine været. Welhaven romantiserer saga om Kivlemøyane og tek parti med jentene som gjer opprør mot presten. Kvifor gjer han det?

Diktet er skriva i den nasjonalromantiske perioden då Noreg, etter å ha vore i union med Danmark, hadde kome under svensk styre. Å markere forskjell frå det danske og svenske, og heller få fram det som var spesielt for det norske var nok viktig. Opprøret til Kivlemøyane kan såleis tolkast som meir enn eit opprør mot presten. Det kan også tolkast som eit opprør mot det styret Noreg ufriviljug var lagt under.

"Med Smil og Taarer, med Sind og Sands de lytted til Tonevældet" (Ibid.).

Musikken er så vakker at den trollbind folket, og sjølv når musikken stilnar og Kivlemøyane blir til stein, lever tonane vidare. "Men Tonerne banded sig selv en Vei, og Folket i Dalen glemte dem ei" (Ibid.). Musikken blir tillagt stor makt, og blir av presten oppfatta som ukristeleg. Det at kvinner protesterte mot overmakta på denne måten var ikkje vanleg, og blei nok difor lagt spesielt merke til. At Kivlemøyane til slutt blir forsteina er svært dramatisk, og kan tolkast som at opprør blei slått hardt ned på.

"Hun blev i elfven" - Kvinner i slåttespel og
sage
Sara Fjågesund

